

## Mål- og strategiplan – adm. stab rådmann 2016 - 2019



Kommuneplan 2014-2025	Mål og strategi 2016-2019			
- Kva gjer vi -	Mål - 4 årsperiode	Strategi – korleis nå måla	Tiltak – for å nå måla	2016
<p>Vi skal vere ein service-innstilt kommune som leverer tenester av høg kvalitet.</p> <p>Vi skal arbeide med å få eit enda betre omdømme.</p> <p>Vi skal vise tydeleg leiarskap, med fokus på kvalitet og forbetring.</p> <p>God rapportering til politisk leiing.</p> <p>Vi skal vise vilje til samarbeid og fleksibilitet.</p> <p>Arbeide med etisk kompetanseheving.</p>	<p><b>OVERORDNA MÅL:</b></p> <p>Meland skal vere ein berekraftig og effektiv kommune med fokus på kvalitet, læring og utvikling.</p> <p>-----</p> <p><b>Service overfor politiske organ</b></p> <p>Vi skal ha eit velfungerande system, slik at dei folkevalde kan utøve den demokratiske funksjonen dei er sett til å ivareta.</p> <p>-----</p> <p><b>HR</b></p> <p>Meland kommune skal vere eit attraktivt arbeidsgjevar, og også ein nyskapande og utviklingsorientert organisasjon.</p>	<p>-----</p> <p><b>Service overfor politiske organ:</b></p> <p>Alle politikarar skal ha tilgang til relevante dokument i god tid. Dette stiller krav til <u>alle</u> saksbehandlarar. Gode rutinar for innkalling av vararepresentantar til politiske møte.</p> <p>Møtebok tilgjengeleg kort tid etter møte.</p> <p>-----</p> <p><b>HR</b></p> <p>Jobbe med utgangspunkt i arbeidsgjevarstrategien <i>Skodd for framtida</i> (2014 – 2018). Utvikle og følgje opp overordna planar og verkty.</p>	<p>-----</p> <p><b>Service overfor politiske organ:</b></p> <p>Innføring av Møteportal i Acos, med opplæring. Informere om innkallingsrutinar. Gjere gjeldande reglement lett tilgjengeleg.</p> <p>-----</p> <p><b>HR</b></p> <p>Kompetanseutviklingsplan, strategisk del. Innføring av KF-Kvalitet. Leiaropplæring. Generelt HMT-arbeid, jf. årshjul HMT-prosjektet «KUTT» Plan for likestilling, inkludering og mangfald. Mal for tilsetjingar – oppfølging.</p>	

	<p><b>Arkivtenesta</b> Arkivtenesta skal vere ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid.</p> <hr/> <p><b>Dokumentsenter</b> Forsvarleg arkivering av alle inngåande- og utgåande dokument i tråd med regelverk for fullelektronisk arkiv.</p>	<p><b>Arkivtenesta</b> Arkivplanen skal sikre at Meland kommune ivaretar arkivansvaret sitt etter arkivlovas § 6.</p> <hr/> <p><b>Dokumentsenter</b> Vektleggje kvalitet, kompetanse og nøyaktig arbeid.</p>	<p><b>Arkivtenesta</b> Arkivleiar skal ha melding når:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ei kommunal eining opprettar eit nytt arkiv eller arkivdel</li> <li>• Det blir tatt i bruk ny arkivnøkkel</li> <li>• Ei kommunal eining tar i bruk eit nytt datasystem for lagring av informasjon</li> <li>• Kommunale einingar blir lagt ned eller oppretta</li> <li>• Det blir oppretta eller lagt ned styre eller utval</li> <li>• Det blir gjort vesentlege endringar i kommunen sitt delegasjonsreglement</li> <li>• Kommunale oppgåver blir overført til verksemder utanfor kommunen</li> </ul> <p>Arkivleiar skal ut frå dette oppdatere arkivplanen og leggje til rette for eventuelle endringar i kommunen sitt elektroniske post/sak/arkivsystem</p> <hr/> <p><b>Dokumentsenter</b> Følgje dei rutinar og reglar som er utarbeidde både når det gjeld dokumentflyt i organisasjonen og elektronisk arkivering. Rettleie og ha eit godt samarbeid</p>
--	---	--	--

	<p>-----</p> <p><b>Informasjon</b> Følgje opp mål og delmål i vedteken Informasjonsplan for Meland kommune. Det vert også vist til målsetjinga i kommunelova § 4.</p>	<p>-----</p> <p><b>Informasjon</b> I det daglege arbeidet ha fokus på, og eit bevisst forhold til informasjon som ei teneste som kommunen skal yte, både internt i organisasjonen og eksternt, til aktuelle målgrupper som eigne innbyggjarar, tilflyttarar, besøkjande, næringsliv og organisasjonar, m.fl.</p>	<p>med alle brukarar av kommunen sitt elektroniske post/sak/arkivsystem.</p>	
	<p>-----</p> <p><b>Resepsjonen</b> Målet er ei teneste der Innbyggjarane kjenner seg velkomne på rådhuset og vert ivaretatt med god informasjon og rettleiing om kommunale tenester. Resepsjonen skal også medverke til god intern informasjonsflyt.</p>	<p>-----</p> <p><b>Resepsjonen</b> Skaffe seg oversikt over alle sider ved kommuneorganisasjonen og tenesteapparatet. Søke opp kunnskap og vere budd på å gi informative svar til publikum. Formidle kontakt til riktig instans.</p>	<p>-----</p> <p><b>Informasjon</b> Informasjon er forankra i leiing og bør vere eit fast punkt i leiarmøte og på personalmøte. Leiar for tenesteområda skal kvalitetssikre informasjon om «si» teneste på heimesida/ intra og skal formidle aktuell info/ nyhende innfor sitt tenesteområde. Utvikling og forbetring av informasjon både internt og eksternt krev i fleire tilfelle prosjektetablering og må ha forankring i leiing.</p>	<p>-----</p> <p><b>Resepsjonen</b> Gjennomføre årleg brukarundersøking. Gjennomføre krav om at alle tilsette skal bruke kalender i Outlook. Setje krav om god informasjonsflyt frå avdelingane til resepsjonen. Alle avdelingar må på førehand levere liste over deltakarar ved kurs/samlingar.</p>



## Mål- og handlingsplan for grunnskulen i Meland 2016 – 2019

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014-2025 er basert kommunen sin visjon om at Meland kommune skal vere «Eit samfunn for alle», og at vi skal strekkje oss etter å vere ein kommune der innbyggjarane kjenner seg trygge, tek ansvar for eiga helse og for utviklinga av lokalsamfunnet. Visjonen skal vere eit berande element i arbeidet med å utvikle kommunen. Den representerer ei forplikting ved at den ber bod om at alle skal ha høve til eit godt liv i Meland kommune. Visjonen vert tydeleggjort gjennom følgjande verdiar og overordna mål:

### Våre verdiar:

- Livskvalitet i Meland
- Bærekraft i Meland
- Næring i vekst
- Aktiv i Meland

### Overordna mål:

- Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet
- Vi skal ha ei bærekraftig utvikling
- Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland
- Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer

Kommuneplanen har så ei rad målformuleringar og retningsvala (kva gjer vi) for dei ulike tenestene som kommunen skal levere. Vi legg desse til grunn for grunnskulen i Meland sine målsettingar, strategiar og tiltak som skal vere styrande for den daglege drifta og for vidareutvikling i den kommande 4-årige økonomiplanperioden, og med særleg vekt på aktivitetar og tiltak i første budsjettåret i denne perioden.

For skule og barnehage er følgjande målformuleringar frå kommuneplanen relevante:

- Meland skal ha ein god skule med læring og trivsel for alle (kap. 4.1)
- Meland kommune skal sikre at alle born har tilbod om barnehageplass til god kvalitet (kap. 4.2)

### Relevant dokument:

Observasjon for avdekking av mobbesaker : [INNBLIKK](#)



Kommuneplan 2014-2025	Mål og strategi 2016-2019 for skule- og barnehagesektoren			
- Kva gjer vi -	Mål - 4 årsperiode	Strategi – korleis nå måla	Tiltak – for å nå måla	Frist
<p>Skulane skal <u>kontinuerleg</u> drive med <u>kompetanseutvikling</u> og <u>omdømmebygging</u></p> <p>Fortsetje samarbeidet i Nordhordland gjennom det interkommunale samarbeidsorganet <u>Nordhordland Kursregion</u></p> <p>Det skal vere eit <u>fagleg samarbeid mellom skulane</u> om organisering og kompetanseutvikling i SFO</p> <p>Vi skal ha <u>fokus på ny forskning</u> som omhandlar kva for tiltak som fremjar læring og skaper positiv aktivitet i skulen</p> <p>Vi vil <u>styrke satsing på aktivitet, helse og stimulere til aktiv bruk av uteareal</u> og grøntområde</p> <p>Vi skal <u>ha tilstrekkeleg areal</u> for å kunne ta i mot forventta vekst i talet på elevar i skulen</p>	<p>Betre resultat på nasjonale prøvar i lesing over fylkesnivå etter 2015</p> <p>Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing</p> <p>Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i rekning</p> <p>Nullvisjon på tal elevar som opplever mobbing på skulen.</p>	<p>Tidleg identifisering og innsats</p> <p>Utarbeide strategi for realfag</p> <p>Styrke arbeid med undervgsvurdering.</p> <p>Delta i «Ungdomstrinnet i utvikling» - lesing som utviklingsområde.</p> <p>Delta i utprøving av nasjonal strategi for lesing og skrivning</p> <p>Læreplanarbeid</p> <p>Utvikle gode prosessar for samarbeid og kompetanseheving.</p> <p>Systematisk arbeid for å førebyggje mobbing</p> <p>Brukarmedverknad</p> <p>Kvalitetsoppfølging frå skuleeigar</p> <p>Sikre likeverdige opplæringsstilbod på dei ulike skulane i kommunen</p> <p>Sikre forsvarleg opplæringsstilbod på dei ulike skulane i kommunen</p>	<p>Analyse og oppfølging av kartlegging. Lesing og rekning særskilt. Kunna auka innsatsen frå 1. til 4. klasse. Ta i bruk verktøy og prinsipp frå Leselos</p> <p>Nedsette eigen arbeidsgruppe</p> <p>Skriftelge vurderingar i Visma Flyt<sup>1</sup> skule. Ta i bruk Vokal. Felles instruks for skriftlege vurderingar.</p> <p>Følgje lokal prosjektplan og handlingsplan</p> <p>Vestbygd skule og Meland ungdomsskule deltek</p> <p>Felles leseplan på alle skulane</p> <p>Lage ny kompetanseplan for perioden 2016-19. Ungdomsskulane deltak i lærande nettverk for ungdomssteget i regionen Etablere nettverk i lesing, rekning, og spes.ped?</p> <p>Revidere og aktualisere lokale Zero-handlingsplanar. Beta kompetansen til alle tilsette på observasjon for avdekking av mobbesaker. Fokus på dei fire satsingsområde frå BLM</p> <p>Gjennomføre Udir si foreldreundersøking</p> <p>Lage felles system saman med kommunar i Nordhordland.</p> <p>Gradvis implementere ressursfordelingsmodellen</p>	<p>2016</p> <p>2016</p> <p>2016/17</p> <p>2016</p> <p>2017</p> <p>2019</p> <p>2016 2016</p> <p>2016 2016- 2017 2016</p> <p>2016</p> <p>2017</p> <p>2017</p> <p>2016/18</p> <p>2018/19</p> <p>2016- 2019</p>

Merk:  
For skule, og barnehagesektoren kan mål og strategiar både vere felles, men det bør og vere nokre som gjeld den einskilde skule.

<sup>1</sup> Visma FLYT Skole er ein nettbasert løysing som dekkjer alle behov for moderne skuleadministrasjon

## Mål og strategiplan 2016-2019 for Meland Heimeteneste og Meland Sjukeheim

Kommuneplan 2014-2025	Mål og strategi plan 2016-2019			
- Kva gjer vi -	Mål - 4 årsperiode	Strategi – korleis nå måla	Tiltak – for å nå måla	Frist
<p>Samhandling mellom brukar, tenesteytar, pårørende og lokalsamfunn skal fokusera på valfridom, tryggleik og fleksibilitet.</p> <p>Vi skal tildela tenester og bustader etter prinsipp om Beste Effektive Omsorgs Nivå (BEON).</p> <p>Tenestene skal ytast i eigen heim så lenge den einskilde ønskjer det, og det er fagleg forsvarleg.</p> <p>Institusjonen skal primært gje tilbod om korttidsopphald og sekundært langtidsopphald.</p> <p>Etablere tilstrekkeleg tal omsorgsbustader, korttids- og rehabiliteringsplassar knytt mot behov og venta auka i befolkninga.</p> <p>Menneske med psykiske lidingar skal møte eit tenesteapparat med høg kompetanse innan førebygging, diagnostisering og behandling.</p>	<p>Meland Kommune si omsorgsteneste:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Har eit samordna og heilskapleg tenestetilbod.</li> <li>- yter ei teneste med fokus på utvikling og nytinking</li> <li>- i varetek brukar-medverknad</li> <li>- samhandlar med pårørende, nettverk, frivillige lag og organisasjonar.</li> </ul>	<p>Meland Kommune si omsorgsteneste:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- vil arbeide for å integrere aktiv omsorg og kvardagsrehabilitering i tenesta.</li> <li>- Vil satse på korttids- og rehabiliteringsopphald.</li> <li>- vil satse på kompetanse innan velferds/omsorgsteknologi.</li> <li>- vil bruke etisk refleksjon systematisk i forvaltning og tenesteyting –</li> <li>- vil vidareutvikle tenestetilbodet for menneske med nedsett funksjonsevne.</li> <li>- vil satse på avlastingstilbod som er tilrettelagt og har god fagleg kompetanse.</li> </ul>	<p>Kompetanseheving aktiv omsorg</p> <p>Nettverk kvardagsrehabilitering</p> <p>Arbeide med ulike tiltaksplanar/Individuell plan for pasient og brukarar.</p> <p>Kurs og hospitering – velferds/omsorgsteknologi (kurs 2016)</p> <p>Prosjekt førebygging av fall og decubitus (I trygge hender)</p> <p>Arbeide med å tilføre kompetanse om personar med nedsett funksjonsevne.</p>	<p>2016</p> <p>2016</p> <p>2016</p>
	<p>Meland Kommune si omsorgsteneste:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- sikar at den enkelte pasient / brukar opplever meistring og meining i kvardagen.</li> <li>- prioriterer aktivitet, kultur og samhandling med lokalsamfunnet</li> </ul>	<p>Meland kommune si omsorgsteneste:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- I tenesta legg ein vekt på tverrfagleg samarbeid, og samhandling med frivillig sektor, pårørende og andre samarbeidspartnarar internt og eksternt.</li> <li>- Utvikle og styrke tilbod om dag-aktivitet demens</li> </ul>	<p>Søke statlege midlar- demente.</p> <p>Fylgje avtalen med frivilligsentralen, og oppretthalde samarbeid med andre kommunale instansar.</p>	Frå 2016
	<p>Meland Kommune si omsorgsteneste:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har sakshandsaming / forvaltning som sikrar, eigenmestring og hjelp til sjølvhjelp.</li> <li>- tildeling av tenester vert ytt ut frå gjeldande tenestestandardar</li> </ul>	<p>Meland Kommune si omsorgsteneste:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeide for betre dokumentflyt, postregistrering, arkiv,</li> <li>- Auke kompetanse og kapasitet innan sakshandsaming.</li> <li>- Etablere tenestestandard og prosedyrar som tydeleggjer kvalitetskrav og er forventningsavklarande.</li> </ul>	<p>Utarbeide tenestestandardar</p> <p>Utarbeida prosedyrar KF-kvalitet.</p> <p>Nyttiggjere PPS (praktiske prosedyrar i sjukepleie)</p> <p>Arbeid med auke i stillingsressurs for sakshandsaming</p>	<p>Vår 2016</p> <p>2016</p> <p>2016</p> <p>2016-2017</p>
	<p>Meland Kommune si omsorgsteneste:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har ein helsefremmande arbeidsplass med fokus på kompetanse og utvikling.</li> </ul>	<p>Meland kommune si omsorgsteneste:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vil vektlegge tiltak for fagleg utvikling og kompetanseheving med fokus på lærande organisasjon.</li> </ul>	<p>Internundervisning etter oppsett plan</p> <p>Formidla kunnskap gjennom praksis.</p> <p>Rettleiingsdagar mellom faggrupper.</p> <p>Hospitering på sjukehus og internt mellom sjukeheimen, heimetenesta, psykisk helse og MAKS</p> <p>Medarbeidarundersøking</p> <p>Medarbeidarsamtale</p> <p>Kompetanseheving – jmf. kompetanseplan.</p>	<p>2016 - 2019</p>
	<p>Meland Kommune si omsorgsteneste:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har tilstrekkeleg kapasitet omsorgsbustad og sjukeheimsplassar</li> </ul>	<p>Meland kommune si omsorgsteneste:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vil arbeide for å få bustadar for personar med nedsett funksjonsevne.</li> </ul>	<p>Samarbeide med teknisk avdeling om å bygge/ skaffe tilrettelagte bustader.</p>	Frå 2016



Et samarbeid for alle



Meland kommune



## KOMMUNEPLAN 2014 – 2025

### - HELSE

Kor vil vi ?	Kva gjer vi?
Vi skal yte tenester med god kvalitet basert på respekt og toleranse for den einkilde brukar.	Sikre god tilgang til allmenlegetenester for alle innbyggjarar og ha effektiv drift av legetenesta.
Vi skal gje barn og unge best mogleg tilbod for å førebyggje fysiske og psykiske sjukdomar.	Betra tilbod for kvinner med tidleg heimreise frå Kvinneklinikken.
Ta vare på og rekruttera fagpersonell. Opplæring og kompetansehevande tiltak i alle grupper.	Tidleg identifisering og førebyggja psykiske sjukdomar.
	Vi skal sikre god kapasitet ved helsestasjonsverksemda.
	Vi skal styrkje skulehelsetenesta.
	Vi skal sikre god tilgang på fysioterapiteneste og rehabilitering.

Kommuneplanen skal ligge til grunn for prioritering og virksamhetsplanlegging i det lange løp.

På kortere sikt vil det være en rekke andre vedtak og styringsdokumenter som i stor grad påvirker prioriteringene. De viktigste:

- Årlige kommunestyrevedtak om budsjett, økonomiplan, eller i andre konkrete saker.
- Årlige statsbudsjetter, med definerte satsingsområder, tilskuddsmidler og føringer.
- Inngåtte samarbeidsavtaler med andre kommuner og med sykehusene.
- Årlig statlig rundskriv om forventninger overfor kommunene.

Ny informasjon eller nye rammebetingelser kan også føre til behov for revurdering av både mål, strategier og tiltak.

Det kan f.eks. være ny kunnskap fra folkehelseprofiler og demografisk utvikling. Det kan og dreie seg om endrede økonomiske rammebetingelser gjennom kommuneplanperioden. Også uforutsette hendelser, eksempelvis tilstrømning av flyktninger, større naturkatastrofer, terror, epidemier mv. kan framtvinge endringer eller at man må oppgi vedtatte mål.

## VIRKSOMHETSPLAN HELSE 2016-2019

MÅL	STRATEGI	TILTAK
Virksomhet, tiltak og endringa praksis skal være kunnskapsbaserte	<p>Etter- og vidareutdanning av alt personale.                      Leger skal vere spesialistar i allmenmedisin, eller under spesialistutdanning.                      Avd. for psykisk helse: høgskule med vidareutdanning.                      Vere oppdatert på forskning og ny kunnskap.                      Ved rekrutering: sikre variert fagbakgrunn.                      Lærande organiasjon gjennom internundervisning og utviklande arbeidsmiljø.                      Systematisk innhenting av kunnskap, både eksternt og internt (jfr. Kunnskapsdokument folkehelse).</p>	<p>Etter- og vidareutdanning i samsvar med profesjonsbaserte krav.                      Helsestasjon: Ammekyndighet og tidlig identifisering.                      Sikre god leiing / leiarkompetanse på alle nivå (fagleiarar og helsesjef)                      Søke eksterne kompetansemidlar.                      Utvikle samarbeid med sjukehus, høgskule og Universitet, gjennom interkommunal samarbeid.                      Tilgang til elektroniske kunnskapsbasar.</p>
Sikre naudsynt bemanning og lokalitetar for nye oppgåver og forventa folkevekst	<p>Møte krav i Stortingsmelding om primærhelseteneste og folkehelse:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samlokalisering av helsetenester / team.</li> <li>- Satsing barn og unge.</li> <li>- Styrking av rusvern.</li> </ul> <p>Styrke førebyggjande arbeid basert på lokal og regional kunnskapsoversikt.</p>	<p>Revidere lokalt planverk med omsyn til bemanning, lokalisering og kompetanse med fokus på nye sentrale krav, folkevekst og regionale endringar.</p>
Saman med andre kommunar delta aktivt i arbeidet med å fremje samhandling med spesialisthelsetenesta	<p>Deltaking og premissleverandør i etablerte samhandlingsarena.                      Etablere gode system for dialog og informasjonsfangst internt i kommunen.                      Bli flinkare til å formulere kommunale behov inn mot andre samarbeidande instansar.</p>	<p>Bidra i regionens Helseutval.                      Deltaking og agendasetting i overordna Samarbeidsutval.                      Nytte høve til å avgi fagfolk til underutval eller ad hoc-utval med mandat.</p>



<p>Tenesta skal ha beredskap og gjennomføringskraft ved større hendingar, både fysiske og psykososiale</p>	<p>Sikre leiarsstruktur og kompetanse som er fleksibel til andre oppgåver i krisesituasjonar. Vidareføre eit sterkt psykososialt kriseteam med ressursar, kompetanse og øving. Ha godkjent smittevernplan.</p>	<p>Ta del i interkommunale nettverk. Ta del i Bergen kommune sitt helseberedskapsforum. Utnytte nye muligheter i digitalt nødnett. Faglege nettverk mellom kommunane.</p>
<p>Styrke forebyggjande og helsefremmande arbeid for barn og unge, spesielt innan vektproblematikk, psykisk helse og rusområdet. Samt barn i risiko sosiale tilhøve eller sjukdom hjå foreldre.</p>	<p>Styrke oppfølging av barn/mor etter fødsel. Tidlegare identifisering av barn og foreldre med særskild behov for oppfølging. Ved behov: Tidlegare intervensjon. Formalisert samarbeid helse/barnevern/skule. Oppfølging av vektproblem, jfr nasjonal veileder. Bistå og støtte foreldre / styrke foreldrerolla. Fysioterapiteneste med spesifikk dedikasjon barn og unge.</p>	<p>Utvikle tilbod om heimebesøk helsesøster og jordmor etter fødsel, jfr endringar ved fødeavd. Nydeltaking i prosjekt «Tidlig Inn». Deltaking i konsultasjonsteam og skulehelseteam. Etablere foreldrerettleingsprogram. Fleire timar med helsesøster på grunnskulane. Samarbeid med skulane / undervisning. Styrke fysioterapi-teneste for barn og ungdom.</p>
<p>Fremje sjølvstende og tilhøyrighet, og mestring i eige liv utifrå ressursar, ønsker og mål.</p>	<p>Arbeid gjennom avd. for psykisk helse og rus. Tilrettelegge for meningsfylte aktiviteter. Bidra til mestring i eigen bustad. Betre forvaltning av søknadar om tiltak. Gje tenester / tilbod etter BEON-prinsipp. Tidsavgrensa tilbod for å fremje sjølvstende.</p> <p>Eldre, og personar med svekka helse, skal kunne fungere i heimen lengst mulig. Og eventuelt gjenvinne funksjon etter skade / sjukdom.</p>	<p>Tilbud i Sjursethuset. Samarbeide med brukerrepresentantar. Nytte brukarundersøkingar til å forbedre tenesta. Ulike gruppetilbud. Styrke samhandling med frivillig sektor. Burettleiing / miljøterapi. Statleg opptrapping. Arbeide med andre etatar med omsyn til planlegging og tildeling av bustad. På sikt opprette bu-team eller bufellesskap. Arbeide for å opprette felles forvaltningseining, saman med andre aktuelle etatar. Kvardagsrehabilitering. Ergoterapitenester på tvers av sektorane.</p>



<p>Sikre tilgang på naudsynte helsetenester og auke grad av valfridom for innbyggjarar. Sikre fastlege for alle, og reell mulighet for byte av fastlege.</p>	<p>Sikre tilgjengeleg fastlegeteneste, akseptabel ventetid og 5% ledig listekapasitet.  Styrke helseteneste i skule (kan gjelde fleire profesjonar: lege, helsesøster, psykolog, fysioterapeut mv.)  Auke kapasitet innan klinisk fysioterapi.  Tett tverrfaglig samarbeid innan rehabilitering.</p>	<p>I forkant med oppretting av fastlegeheimlar. Følgje opp statleg opptrappingsplan, m.a. gjennom tilskottssøknadar. Vere proaktiv i å ta i bruk nye elektroniske løysingar innan pasientkommunikasjon. Auke talet på private fysioterapi-heimlar, samt sikre sentrale lokaler for desse tenestene. På sikt: etablere rehabiliteringsteam.</p>
--	--	--

For barneverntenesta er følgjande målformuleringar frå kommuneplanen relevante:

- Sikre nødvendig hjelp og støtte til barn som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling
- Bidra til trygge oppvekstvilkår
- Dersom barn ikkje får tilstrekkeleg hjelp og god nok omsorg kan barneverntenesta overta omsorgen

Kommuneplan 2014-2025 - Kva gjer vi -	Mål - 4 årsperiode	Mål og strategi 2016-2019 for barneverntenesta		
		Strategi – korleis nå måla	Tiltak – for å nå måla	Frist
<p>Barneverntenesta legg til rette for at barn/barnefamilier med særskild trong for hjelp får hjelp og støtte.</p> <p>Vi driv med kontinuerleg kompetanseutvikling</p> <p>Vi arbeidar for tidleg intervensering, og etter prinsippet «rett hjelp til rett tid»</p> <p>Vi gjer foreldrerettleiing til eigne brukare og andre.</p> <p>Vi samarbeidar med barnehager, skuler og andre.</p> <p>Vi har eit særskild fokus på vald/overgrep mot barn/unge.</p>	<p>Vi skal ha gode rutinar for tidleg intervensering</p> <p>Vi skal drive godt førebyggjande arbeid slik at barn kan bli buande i heimane sine.</p> <p>Vi skal ha god kompetanse på vårt fagområde og drive kontinuerleg med kompetansehevande tiltak</p> <p>Barneverntenesta skal gje tilbod om foreldrerettleiing, primært til eigne brukarar</p> <p>Vi skal vere pådrivare i interkommunalt samarbeid</p> <p>Vi har som mål å få etablert fosterheimar og/eller anna bu/omsorgstiltak for einslege midreårige flyktningar</p>	<p>Foreldrerettleiing er etablert som tilbod</p> <p>Gjennom Kompetanseplanen; fastsette standard for det utd.nivået vi ønskjer.</p> <p>Konsultasjonsteam vald/overgrep er etablert og må vidareutviklast slik at det blir et godt og tenleg verktøy</p> <p>Barnehage og skule team er gode samarbeidsorgan. Her vil vi vidareføre arbeidet, som vi ser som eit tenleg grunnlag for tidleg intervensering.</p>	<p>Fylles ut etter at budsjettet er ferdig</p>	<p>Mnd - år</p>

KOMMUNEPLAN Kva gjer vi – sosial	Temaplan – SOSIAL		Handlings- og tiltaksplan				
	Mål	Strategi	Tiltak	År	0-24	25-67	67 +
<p>Barnevern skal gje råd, rettleiing og hjelpetiltak som kan bidra til at foreldre og føresette sjølv kan klare sine omsorgsoppgåver.</p> <p>Vi vil leggje til rette for at barn og barnefamiljar med særskild trong for hjelp får ein betre kvardag og trygge oppvekstvilkår.</p> <p>Vi skal ha tett oppfølging av personar som står utanfor arbeidsliv, med spesiell fokus på unge under 24 år.</p> <p>Hjelpe foreldre å kome i inntekstgjevande arbeid og/eller rett til trygdeytning</p> <p>Det skal vere eit samarbeid med skule, næringsliv og helsevesen for å hindre at ungdom fell ut/sluttar i skule/vidaregåande.</p> <p>Menneske med psykiske lidningar skal inkludrast i</p>	<p><b>Barnevern</b> Arbeide for at foreldre får bistand til å bli gode omsorgspersoner for sine barn.</p> <p>Fokus på førebyggjing og kompetanse</p> <p>Sikre forvaltningskompetanse som gjev god kvalitet på vurdering og sakshandsaming.</p> <p>Møte brukarane med respekt og tydelighet.</p>	<p><b>Barnevern</b> Vektleggjing av rettleiing og førebyggjing med omsyn til foreldrerolla og tenlege oppvekstvilkår for barn og unge. Barnet behov er i fokus.</p> <p>God og forpliktande samhandling med samarbeidspartar</p> <p>Foreldreveiledning/kurs til foreldre/foreldregupper</p> <p>Kurs og opplæring til de som treffer barna i barnehage, skole, osv.</p> <p>Vedlikehold og vidareutvikling av ulike samarbeidsfora (skolehelsesteam, basisteam b.h., konsultasjonsteam, barnefaglig råd)</p> <p>Kompetanseheving av personale – ha tilgang på personell som har utd. utover grunnutd.</p>					
	<p><b>Arbeid og fattigdom</b> NAV skal bidra til å betre levekåra for vanskelegstilte.</p> <p>NAV skal bidra til at innbyggjarane i Meland kan ta ansvar for seg sjølv.</p> <p>NAV skal bidra til høg sysselsetting, låg ledighet og eit inkluderande arbeidsliv i Meland.</p> <p>NAV skal bidra til å sikre born og unge gode oppvekst- og levekår.</p> <p>NAV skal bidra til å betre levekåra for vanskelegstilte.</p>	<p><b>Arbeid og fattigdom</b> NAV vil at brukar i møte med NAV vert møtt med ei forventning til seg sjølv der dei opplever at NAV er tydeleg, til stades og løysingsorientert.</p> <p>NAV vil at brukar vert i stand til å ta ansvar for seg sjølv der tenestene vert ytt etter prinsippet hjelp til sjølvhjelp.</p> <p>NAV vil at brukaren opplever at det er ein arbeidsmarkand som har brukt for dei.</p> <p>NAV skal arbeide slik at ein unngår at folk blir passive mottakarar av stønader.</p> <p>NAV skal særskilt arbeide for at unge under 30 år kjem i arbeid.</p> <p>NAV skal bidra til at flyktingane kommunen busett etter endt program er økonomisk sjølvstendige og godt integret i samfunns- og arbeidsliv.</p> <p>NAV vil utvikle gode tenestetilbod med dyktige medarbeidarar.</p>					



<p>kommunen sine lokalmiljø, m.a. gjennom hjelp til etablering av gode bustader og deltaking i tilrettelagde aktivitetar.</p> <p>Vi skal ha ein berekraftig utbyggingstakt.</p> <p>Vi skal legge opp til ein utbyggingspolitikk som reduserer trongen for transport.</p> <p>Ved planlegging av nye bustadfelt skal det vere tilrettelagt for gode møteplassar og aktivitetsfremjande uterom.</p> <p>Meland kommune skal sikra gode utemiljø for innbygarar i alle livsfasar.</p> <p>Kommunen skal stimulera til auka differensiering i bustadmarkarknaden med omsyn til storleik, pris og eigedomstilhøve.</p> <p>Det skal avsetjast naudsynt areal til offentlig infrastruktur i samband med nye bustadområde.</p> <p>Flyktningar skal integrerast i ordinære bumiljø.</p>	<p><b>Bustad</b></p> <p>Lokalisere og tildele bustadene på ein måte som byggjer opp under den enkelte leigetakar sin evne til å bu i ein positiv sosial samanheng.</p> <p>Sikre at kommunen har eit tilbod om bustad til alle som treng det, på ovannemnde vilkår.</p> <p>Synleggjere samanhengen mellom eigedomsforvaltninga og andre tenesteområde når det gjeld oppfølging av den enkelte leigetakar sin evne til å bu.</p> <p>Etablere, forvalte og tildele den kommunale bustadmassen på ein slik måte at behov på kort og lengre sikt vert ivaretatt.</p> <p>Aktiv bustadpolitikk skal bidra til at innbyggjarane kan ta ansvar for eigen bustad.</p>	<p><b>Bustad</b></p> <p>Vi skal etablere gode midlertidige bustadtilbod for personar som ikkje kan ivarta interessene sine på bustadmarkanden.</p> <p>Vi skal ved strategisk bruk av tilskots- og støtteordningar sikre at folk har ein stad å bu som dei kan ta ansvar for sjølv.</p> <p>Vi skal bistå vanskelegstilte på bustadmarkanden bistand i heimen for å strykje den enkelte si evne til å bu.</p> <p>Det vert utarbeida eiga Bustadmelding for Meland kommune.</p>					
---	---	--	--	--	--	--	--

Meland kommune skal leggja til rette for differensiert busetnad i NLF område.							
---	--	--	--	--	--	--	--

## Mål- og handlingsplan for tenesteområde kultur 2016 – 2019

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014-2025 er basert kommunen sin visjon om at Meland kommune skal vere «Eit samfunn for alle», og at vi skal strekkje oss etter å vere ein kommune der innbyggjarane kjenner seg trygge, tek ansvar for eiga helse og for utviklinga av lokalsamfunnet. Visjonen skal vere eit berande element i arbeidet med å utvikle kommunen. Den representerer ei forplikting ved at den ber bod om at alle skal ha høve til eit godt liv i Meland kommune. Visjonen vert tydeleggjort gjennom følgjande verdiar og overordna mål:

### Våre verdiar:

- Livskvalitet i Meland
- Bærekraft i Meland
- Næring i vekst
- Aktiv i Meland

### Overordna mål:

- Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet
- Vi skal ha ei bærekraftig utvikling
- Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland
- Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer

Kommuneplanen har så ei rad målformuleringar og retningsvala (kva gjer vi) for dei ulike tenestene som kommunen skal levere. Vi legg desse til grunn for tenesteområde kultur sine målsettingar, strategiar og tiltak som skal vere styrande for den daglege drifta og for vidareutvikling i den kommande 4-årige økonomiplanperioden, og med særleg vekt på aktivitetar og tiltak i første budsjettåret i denne perioden.

For **Tenesteområde kultur** er følgjande målformuleringar relevante:

- Kultur
  - Vi skal stimulera til kulturell deltaking, kreativitet og fremja fysisk aktivitet
  - Frivillig innsats skal vere ein berebjelke i kulturlivet
  - Kulturskulen skal leggje til rette for ei opplæring som legg til rette for ei opplæring som fremjer glade i skapande verksemd, personleg vekst og kunstnarisk utvikling hjå elevane
  - Frivilligsentralen skal vere ein ressurs for frivillige, lag og organisasjonar i Meland kommune
- Idrett og friluftsliv: Aktiv kvar dag i Meland
- Meland bibliotek skal vere ditt personlege bibliotek



For tenestekområde kultur er følgende målformuleringar frå kommuneplanen relevante:

- Vi skal stimulere til kulturell deltaking, kreativitet og fremja fysisk aktivitet
- Frivillig innstans skal vere ein berebjelke i kulturlivet
- Kulturskolen skal legge til rette for ei opplæring som fremjar glede i skapande verksemd, personleg vekst og kunstnerisk utvikling hjå elevane.
- Frivilligsentralen skal vere ein ressurs for frivillige lag og organisasjonar i Meland kommune
- Aktiv kvar dag i Meland
- Meland bibliotek skal vere ditt personlege bibliotek

Kommuneplan 2014-2025	Mål og strategi 2016-2019 for skule- og barnehagesektoren			
- Kva gjer vi -	Mål - 4 årsperiode	Strategi – korleis nå måla	Tiltak – for å nå måla	Frist
Meland kommune skal ha ein koordinerande og utviklande rolle mot lagslivet	Regelmessige møter med lag- og organisasjonar	Frivilligforum to gongar pr år	Fylles ut etter at budsjettet er ferdig	Mnd - år
Vidareutvikle etablerte og planleggje for nye kulturarenaer	Holsnøy meieri som kultuarena. Lagshus som desentraliserte møteplasser. Utvikle biblioteket som møteplass	Prosjektere og medvirke til at Holsnøy meieri kan etableres som ny kultuarena i perioden. Støtte arbeidet for å utvikle lagshusene. Lage aktivitetsplan for biblioteket		
Kulturlivet skal spegle kulturarven og samstundes vere nyskapande	Styrke lokal identitet gjennom bevaring og synleggjering av kulturarven	Lage ferdig kulturminneplan og immateriell kultur. Støtte opp om arbeid og produksjonar som fremjar lokal kunnskap og immateriell kultur arv. (t.d musikk og handverk)		
Det skal leggjast til rette for kulturtilbod for barn og unge	Etablere ungdomsklubb. Kulturkalender for barn. Styrke tilbodet innanfor DKS og skape kultur møteplasser for barnefamiljar	I løpet av perioden, få i gang og drifte ungdomsklubb. Utvide tilbodet av sommaraktivitetar for barn. Lage eit forpliktande program for DKS.		
Vi skal stimulere til auka deltaking blant grupper som er underrepresentert i organisasjonane	Lage koordinerande tiltak mellom frivilligheit, flyktningar og idretten	Bruke erfaringar og tiltak frå prosjektet «Aktiv saman»		

<p>Drive ein god kulturskule med effektiv organisering som speglar mangfaldet i kulturlivet</p> <p>Det skal vere gode og tilgjengelege friområde i alle delar av kommunen, slik at innbyggjarane kan kome seg ut på tur i gangavstand frå heimen</p> <p>Biblioteket skal vere ein møteplass der du skal få hjelp til å finne litteratur, informasjon og ta del i kulturelle opplevingar</p> <p>Biblioteket skal formidle litteratur til alle grupper. Styrke samarbeidet med skulane og barnehagane</p> <p>Bibliotekpersonalet skal ha god kompetanse innan litteratur, formidling og IKT</p>	<p>Kulturskulen sine lærarar skal ha god kommunikasjon med heimane – god informasjonsflyt skal sikre alle tilpassa, planlagt og føreseieleg opplæring og gode opplevingar</p> <p>Vidareutvikle eksisterande friluftsområde og etablere eitt nytt i Havrevågen. Det skal vere enkelt å finne informasjon og finne fram til turområde i Meland</p> <p>Vi skal skape eit tilgjengeleg bibliotek</p> <p>Etablere Leser-søker-bok tilbod Etablere faste møter mellom bibliotek, skule og barnehage.</p> <p>Utvikle særskilt kompetanse innanfor skjønnlitteratur (jfr. Strilabiblioteket)</p>	<p>Arbeide med læreplanar og kommunisere desse tydeleg til heimane.</p> <p>Tilrettelegge Lunden/Rylandsneset for betre tilgjenge Ferdigstille kartlegging og verdisetting av friluftslivsområder Ferdigstille arbeidet med merking og tilrettelegging av turstiar i Meland</p> <p>Biblioteket skal vere «meir ope», både sjølvbetent og med gode opningstider med kvalifisert personale. Tilgjengeleg gjennom god merking og informasjon</p> <p>Tilpasse bokstamme, formidle litteratur på mange plattformer. Vidareutvikle leselyst tiltak som Leseknappen, Sommarles o.a.</p> <p>Sette av tid til kompetanseheving.</p>		
---	--	---	--	--

## MÅL OG STRATEGIPLAN: Plan, utbygging og kommunalteknikk

Oppdraget for tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK) er å:

### **Levere gode tenester til innbyggjarane**

Målformuleringane i kommuneplanen skal ligge til grunn for oppgåveløysinga innafor alle fagfelta som PUK har ansvar for.

For Plan, utbygging og kommunalteknikk er følgjande målformuleringar frå kommuneplanen relevante:

Frekhaug skal styrkjast som attraktivt kommunesenter og Vikebø/Rosslund som områdesenter

I Meland skal det vere godt å bu i alle livssituasjonar. Vi skal ha attraktive og varierte bumiljø

I Meland skal vi ha ein effektiv, trygg og miljøvenleg infrastruktur

Vi skal ta hand om avløpsvatn slik at det ikkje oppstår miljøskade

Vi skal redusere avfallsmengda

Det skal leggjast til rette for berekraftig bruk av sjøområda i kommunen

Leggje til rette for eit livs og berekraftig landbruk

Ta vare på landskap og kulturminne gjennom aktiv og berekraftig bruk

Vi skal ha skogproduksjon i langsiktig økologisk balanse

Vi skal sikre leveområda for vilt, fuglar og biologisk mangfald

Meland kommune skal ha ein utsleppsreduksjon på 20 % i forhold til dagens nivå innan 2020

Meland skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland

Meland skal vere ein berekraftig og effektiv kommune med fokus på kvalitet, læring og utvikling

Aktiv kvar dag i Meland



Kommuneplan 2014-2025	Mål og strategi 2016-2019			
	- Kva gjer vi -	Mål - 4 årsperiode	Strategi – korleis nå måla	Tiltak – for å nå måla
Meland kommune skal sikre gode bumiljø for innbyggjarar i alle livsfasar	Det skal vere lett for private utbyggjarar å fremje detaljerte reguleringsplanar i tråd med definerte rammur	Prioritere fleire stillingar innan plan og byggesak, for å kunne innarbeide nødvendige kvalitetar i planane og klargjere rammene i overordna kommunale planar	Budsjett 2017: Ny stilling for behandlinga av private planar Ny tilsynsstilling innan byggesak, gebyrfinansiert Budsjett 2018: Ny arealplanleggjarstilling	2017 og 2018
Vi skal vere ein serviceinnstilt kommune Vi skal arbeide med å få eit enda betre omdømme Arbeide med etisk kompetanseheving	Innbyggjarar og utbyggjarar og andre partar skal vere nøgde med tenestene	Vere tilgjengelege Avklare forventningar og krav til kvalitet Halde fokus på høgt etisk nivå	Bruke heimesidene og sosiale medie aktivt Etterspørre serviceinnstilling og den gode vilje ved all rekruttering Nytte brukarundersøkingar for å få tilbakemelding på tenestene Sende førebelse svar med god informasjon Etikk som tema på felles samlingar	Alltid  2016 og 2017
Vi skal levere tenester av høg kvalitet Vi skal byggje ein robust organisasjon	Dei tilsette skal ha høg kompetanse	Ivareta og sikre høg kompetanse i all oppgåveløysing Drive konkurransedyktig rekruttering	Prioritere kurs og etterutdanning i budsjettarbeidet Ha ei marknadsretta vurdering av lønsnivå	Alltid
Vi skal vise tydleg leiarskap, med fokus på kvalitet og forbetring Vi skal vise vilje til samarbeid og fleksibilitet	Vi skal ha gode rutinar og gode ordresystem Samarbeidet mellom kommunane i regionen om rutinar, normer, løysingar og faglege nettverk er godt og	Premiere kommunikasjon som er prega av respekt for andre sine roller og synspunkt, m.a. gjennom å anerkjenne nytenking og endringsvilje Prioritere gode møteplassar Bevisstgjeriing om oppdraget vårt, ansvar og roller	Styrke det tverrfaglege samarbeidet og samhandlinga i kommunen og interkommunalt, m.a. ved å bygge opp eksisterande arbeidslag og utvikle nye, og få på plass faste rutinar	2016

God rapportering til politisk leiing	stabilit Administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha tillit til kvarandre	Prioritere godt samspel og velfungerande kommunikasjon mellom administrativt og politisk nivå	Felles interne samlingar med tid til refleksjon og påfyll Invitere til temamøte med rom for dialog og fokus på roller/oppdrag Opplæring innan ulike tema i politisk utval	2016
Utvikle eit energi- og klimaeffektivt kommunesenter		Etablere fleire ladestasjonar for elbilar	Etablere hurtigladestasjonar på Frekhaug	2016
Redusere spesifikk energibruk og klimagassutslepp frå all transport i, til og frå kommunen med 15 % innan 2020	Avklare kva verkemiddel kommunen har	Finne verktøy som virkar	Konkretisere neste steg for handtering av tiltak i klimaplanen	2016
Meland kommune skal redusere spesifikk energibruk i kommunale bygg og anlegg med 10 % innan 2020	Enøktiltak i kommunale bygg	Auke ressursbruken på bygningsvedlikehald	Budsjett 2017: Ny stilling drift og vedlikehald	2017
Vi skal leggje til rette for sentralt plasserte husvære for eldre, ungdom og menneske med særleg behov for tilrettelegging	Vi skal ha ei effektiv forvaltning og utskifting av bustadmassen på ein økonomisk mest hensiktsmessig måte	Følgje opp tiltak i økonomiplanen Finne aktuelle område og tomter gjennom innspel til private reguleringsplanarbeid	Fremme sak om val av strategi for omfang og forvaltning av kommunale bustader	2016

Vi skal tilretteleggja for ein kyststi	Aktuelle strekningar er kartlagt og prioritert	Samarbeide med ulike avdelingar og frivillige	Finne ressursar	2018
Det skal etablerast ein ny og effektiv kollektivstasjon på Flatøy	Det skal vere lett å velge kollektive reiseformer mot Bergen og mot regionsenterert	God kopling mellom kollektivtilbod og utbyggingsmønster Framheve båtruta for å auke frekvensane til eit fast dagleg tilbod, også i helger og på kveldstid	Ta del i Statens vegvesen sitt arbeid Ta del i Hordaland Fylkeskommune sitt arbeid	2016 og 2017
Det skal utarbeidast ein plan over gang-/sykkelvegnett/fortau	Det er tydeleg at kommunen arbeider for å betre gang- og sykkelvegtilbodet	Følgje opp tiltak i føresegnene til arealdelen gjennom plan- og byggesaksbehandlinga	Utarbeide kart over trasèar som er omfatta av kommuneplanens arealdel	2016
Det skal utarbeidast ei lokal forskrift for utslepp i kommunen basert på prinsippa i forureiningslova og EU sitt vassdirektiv	Ingen ønskjer å bli stempla som ansvarleg for forureining av sjø og vassdrag	Få på plass ei lokal forskrift Drive tilsyn med utslepp	Lage lokal forskrift om utslepp gjennom interkommunalt samarbeid	2016 og 2017
Tilby god informasjon og rådgjeving til gardbrukarane og delta i interkommunalt samarbeid	Gode vilkår for landbruksdrift	Drive nettverk og sørge for henvisningskompetanse	Arrangere bondelunsj Arrangere bondekveld	Alltid
Arbeide for å sikre rekruttering av ungdom til bondeyrket Stimulere til nye tiltak i landbruket Meland kommune skal stimulere til nye tiltak,	Bondeyrket er lokkande	Kunnskap/kompetanse-oppbygging, nettverksbygging og profilering	Glade Bønder Temakveld Fadderordning for landbruket Prosjekt smaken av Nordhordland Gardsbesøk Hjelp til forretningsutvikling	Alltid



<p>produksjon og sal av lokal mat Arbeide for å etablere nye næringer med basis i jordbruket sine ressursar</p> <p>Informere og motivere grunneigarane til å ta vare på kulturlandskapet Lage skjøtselplan for kystlynghei og andre kulturlandskap i kommunen Rullere tiltaks- og skogsvegplan for skogbruk</p>	<p>Kulturlandskapet er i god hevd</p>	<p>Ny strategi for bruk av tilskot til kulturlandskap Revidere strategi for nærings- og miljøtilskot i skogbruket</p>	<p>Fremme saker for politisk utval Oppfølging av konkrete saker Skjøtsel av lynghei kurs Delta i registrering av kulturlandskap i samband med kulturminneplan</p>	<p>2016</p>
---	---------------------------------------	---	---	-------------